



Den grønne båten frå Os er her att og ligg på utsida av Liafjord. Over påske kjem 3 båtar til service (Foto. Ola Matti Mathisen)

Liafjord ligg trygt hos Eidsvik og dannar basis for den nye giv som skipsbyggeri for fiskebåtar. Etterpå kjem ein maken båt.. Men millom desse storoppdraga kjem mindre som ein kan kalla serviceoppdrag.

No er ein hyppig gjest inne i ein ny runde ved verftet. Det er den grønne Røttingøy (før Paula) som er her att og som tilhøyrrer Dales Rederi på Os.

uskedalen.no spør Astrid Dale om det har hendt noko uforutsett ettersom vi trudde båten forlengst var i fiske på bøljan blå langt i nord.

Ho svarar at det som skjer er at Eidsvik gjer ferdig jobben med rister i dei 2 siste tankane og foretek komplett lensing i alle tankane. Like etter påske går båten heim.

Dei er ferdig med fisket for denne sesongen etter å ha fiska sild i Norskehavet og lodde ved Island og i Barentshavet.

I april og mai blir det enkelt vedlikehald som måling heime ved kaia og i juni startar fisket att.

Då håpar dei på gode prisar på Nordsjøsilde.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen